



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave

BACH301-OBE-2024-VÅR-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	09-05-2024 09:00 CEST
Sluttdato:	23-05-2024 14:00 CEST
Eksamensform:	Bacheloroppgave - Bergen
Termin:	2024 VÅR
Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Flowkode:	203 BACH301 1 OBE 2024 VÅR
Intern sensor:	(Anonymisert)

Deltaker

Kandidatnr.:	289
---------------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	10767
----------------------	-------

Egenerklæring *:

Ja

Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Ja

Gruppe

Gruppenavn:	(Anonymisert)
Gruppenummer:	42
Andre medlemmer i gruppen:	253

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller

Nei



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Leikemiljø i barnehagens rom

Learning environment in the kindergarten`s space

Kandidatnummer: 289 og 253

Bacheloroppgåve i barnehagelærerutdanning

BACH301

Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Trude Kyrkjebø

Antall ord: 10767

Dato: 23.05.2024

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Med denne bacheloroppgåva avsluttar me tre år på barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet. Gjennom desse tre åra har me blitt kjent med kjekke medstudentar og erfarne forelesarar. Me har vore i fleire praksisbarnehagar og gjort oss gode erfaringar.

Me ynskjer å takka rettleiaren vår Trude Kyrkjebø for god støtte gjennom heile skriveprosessen. Takk for gode rettleiingstimar, og for at du har vore tilgjengeleg for oss når me har trengt det. Du er dyktig og kunnskapsrik!

Vidare vil me takka barnehagen me har hatt eit samarbeid med. Takk for at me fekk koma og observera leikemiljøet på dei ulike avdelingane, og takk til barnehagelærarane som tok seg tid til å bli intervjua. Sjølv om barnehagekvardagen ikkje gjorde det mogleg for oss å gjennomføra intervjuet slik me hadde tenkt, er me takknemlege for at de var fleksible og fann ordningar slik at me kom i mål.

Me ynskjer òg å takka mødrene våre for å ha lest gjennom oppgåva og hjelpt oss med setningsoppbygging og rettskriving.

Til slutt vil me takka kvarandre for eit godt samarbeid, og for støtta me har gitt kvarandre gjennom denne prosessen.

Summary

In this bachelor's thesis, we chose the topic of play environments with the following research question: How do kindergarten teachers work to facilitate play environments in kindergartens? We also wanted to see what choices kindergarten teachers make in their daily work to create play environments in kindergartens. We sought to gain various perspectives on what kindergarten teachers consider an inclusive play environment and their reflections and thoughts on this topic.

We chose to use a qualitative research approach to find answers to our research question. Through interviews and observations, we asked questions about the play environment and the kindergarten teacher's role in facilitating the play environment. Creating good play environments requires knowledge, time, observation, and reflection. The research participants believe that working with play environments is a long-term process that is constantly changing and never fully complete.

The kindergarten curriculum emphasizes that play should have a central place in kindergartens and that the intrinsic value of play should be recognized (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20). Based on this, we believe it is important to understand the work behind it and the measures that can be taken to ensure that play is given the best possible conditions according to the needs of each child.

Samandrag

I denne bacheloroppgåva har me valt tema leikemiljø med fylgjande problemstilling: *Korleis arbeider barnehagelærarar for å leggje til rette for leikemiljø i barnehagen?* Her ynskte me og sjå kva val barnehagelærarane tek i kvardagen for å skapa leikemiljø i barnehagen. Me ynskte å få ulike perspektiv på kva barnehagelærarane legg i eit inkluderande leikemiljø, og kva refleksjonar og tankar dei har rundt dette temaet.

Me har valt å bruka kvalitativ forskingstilnærming for å finna svar på problemstillinga vår. Gjennom samtaleintervju og observasjon har me stilt spørsmål kring leikemiljøet og barnehagelæraren si rolle i tilrettelegginga av leikemiljø. Det krevst kunnskap, tid, observasjon og refleksjon for å skapa gode leikemiljø. Forskingsdeltakarane meiner at arbeid med leikemiljø er ein prosess over lengre tid, som stadig er i endring og som me aldri vil bli ferdige med.

Rammeplanen for barnehagen presiserer at leik skal ha ein sentral plass i barnehagen, og at leiken sin eigenverdi skal anerkjennast (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20). Med dette fastslått meiner me det er viktig å vita kva arbeid som ligg bak, og kva tiltak ein kan gjera for at leiken skal få best mogeleg vilkår ut frå behova til kvart enkelt barn.

Innholdsliste

1.0 INNLEIING.....	5
1.1 VAL AV PROBLEMSTILLING.....	5
1.2 OPPGÅVA SI OPPBYGGING.....	6
2.0 TEORI.....	6
2.1 LEIKEN SIN BETYDING I BARNEHAGEN.....	6
2.2 LEIKEMILJØ.....	7
2.2.0 Rom.....	8
2.2.1 Leikemateriell.....	9
2.3 BARNEHAGELÆRAREN OG PERSONALET SI ROLLE.....	11
3.0 METODE.....	12
3.1 VAL AV METODE.....	13
3.1.0 Observasjon.....	13
3.1.1 Intervju.....	14
3.2 PLANLEGGING AV DATAINNSAMLING.....	15
3.3 METODEKRITIKK.....	15
3.4 ETISKE REFLEKSJONAR.....	16
4.0 FUNN.....	16
4.1 LEIKEN SI BETYDING I BARNEHAGEN.....	17
4.2 LEIKEMILJØ.....	17
4.2.0 Rom.....	19
4.2.1 Leikemateriell.....	20
4.3 BARNEHAGELÆRAR OG PERSONALET SI ROLLE.....	21
5.0 DRØFTING.....	22
5.1 LEIKEN SIN BETYDING I BARNEHAGEN.....	22
5.2 ROM.....	23
5.3 LEIKEMATERIELL.....	25
5.4 HEILE LAGET MED!.....	27
6.0 AVSLUTNING.....	29
7.0 LITTERATURLISTE.....	31
VEDLEGG 1.....	33
VEDLEGG 2.....	34
VEDLEGG 3.....	35

1.0 Innleiing

I denne oppgåva tek me utgangspunkt i barnehagen sin rammeplan. Rammeplanen presiserer at leik skal ha ein sentral plass i barnehagen, og at leiken sin eigenverdi skal anerkjennast (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20). Vidare står det «barnehagen skal inspirera til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20). Det krev kunnskap, refleksjon og fantasi hjå personalet i utforminga av det fysiske leikemiljø i barnehagen sine rom. Personalet må organisera rom, tid og leikemateriale for å inspirera til leik, leggje til rette for utvikling av leiketema og syta for at leikar og materiell er tilgjengeleg for borna (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 17 & 20).

Barnehagelæraren er gitt ansvaret å setja i verk og leia det pedagogiske arbeidet i barnehagen, i tråd med godt fagleg skjønn (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 15). Det er såleis barnehagelæraren som har ansvaret for å laga eit skapande og inkluderande leikemiljø på avdelinga, i samarbeid med resten av personalet. Dei må forma ulike “rom” i rommet som er inspirerende for borna, og ha kunnskap om kva tema og leik borna er opptekne av. Det betyr at personalet må organisera romma ut i frå kva som interesserer borna og kva som er føremålet med leikemiljøet. I tilrettelegginga av leikemiljøet spelar òg tilgang på leikemateriell ei stor rolle. Personalet treng eit variert utval av materiale i sjølve utforminga av leikemiljø, men òg i det dei tilbyr borna. Likeins må leikematerialet vera valt ut etter alder, modning og interesser i barnegruppa. Personalet må vera kunnskapsrike, reflekterte og observante for å heile tida kunna tilpassa leikemiljøet og gjera endringar.

1.1 Val av problemstilling

I løpet av barnehagelærarstudiet har me fått god erfaring med korleis barnehagar kan leggja til rette for og organisera leikemiljøet på avdelinga. Nokre leikemiljø har fungert godt, medan andre leikemiljø ikkje har vore like optimale, slik me oppfattar det. Me har difor valt å ha fokus på leikemiljøet i vår bacheloroppgåve. Det er interessant å få innsikt i kva val og grunngeving som ligg bak utforminga av leikemiljøa. Leikemiljø kan romma så mangt, og me finn leikemiljø både ute og inne i barnehagen. I vår oppgåve fokuserer me på leikemiljøet inne i barnehagen. Med god hjelp frå rettleiar kom me fram til fylgjande problemstilling:

«Korleis arbeider barnehagelærarar for å leggje til rette for leikemiljø i barnehagen?»

Oppgåva vår vil i hovudsak retta seg mot kva betydning vala barnehagelærarar tek, har for utforminga og tilrettelegginga av det fysiske leikemiljøet på avdelinga. Vidare vil me ha fokus på korleis rammene dei set, verkar i praksis. Her vil me ta utgangspunkt i organisering, tilrettelegging, rom og materiale; samt personalet sin kunnskap og erfaring kring leikemiljø.

1.2 Oppgåva si oppbygging

I kapittel 1 finn me innleiing. Her presenterer me problemstillinga vår, og grunngeving for val av tema. I kapittel 2 vert relevant og avgrensa teori belyst. Kapittel 3 handlar om kva metode me har brukt og kven me har samarbeida med i arbeidet med å samla empiri. I kapittel 4 tek me føre oss funna, som me vidare drøfter og ser i samanheng med teori og egne erfaringar i kapittel 5. Oppgåva vert runda av med ei oppsummering og avslutning i kapittel 6.

2.0 Teori

I denne delen av oppgåva vil me ta føre oss leiken sin betydning i barnehagen, og sjå nærare på leikemiljø, rom og leikemateriell. Barnehagelæraren sin rolle er ikkje minst sentralt i dette, og er difor noko me vil ha fokus på.

2.1 Leiken sin betydning i barnehagen

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen og eigenverdien til leiken skal anerkjennast» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20). Barnehagekvardagen består for det meste av leik, og born lever og må forhalda seg til omverda på eit leikande vis (Wolf, 2021, s. 25). Kristin Danielsen Wolf (2021) forklarar leik som både ei grunnleggjande livsform og ei læringsform. Born leikar utan å ha ein intensjon om at dei skal læra noko. Det er deira måte å uttrykkje seg på og ein måte å leva på. Gjennom deira spontane leik skjer det læring utan at det blir eit klart skilje mellom kva som er leik og kva som er læring (s. 24).

Det er vanskeleg å gi ein eintydig definisjon på kva leik er, men det er viktig å sjå på kva betydning leiken har for born. Wolf (2021) meiner at leiken vert skapt og forma av borna sine impulsar til rørsle og leikhandlingar. Borna både imiterer kvarandre, presenterer sine uttrykk for kvarandre og bygger på kvarandre sine innspel (s. 25). Ved å delta i borns leik, kan me sjå kva som interesserer borna og kva dei er opptekne av. Me kan oppdaga kva dei veit, meiner eller kan noko om, og kva dei erfarer, deler og finn ut av (Wolf, 2021, s. 26). Maria Øksnes

(2010) peikar på at leiken er spontan og driven fram av borna sin indre motivasjon og lyst (Wolf, 2021, s. 25).

2.2 Leikemiljø

Romma og leikematerialet er stadig i flyt og rørsle, i takt med borns utvikling, interesser og alder- og modningsnivå. Eit leikemiljø skal gi borna høve til å leika og å utforska verda rundt seg på ein trygg og stimulerande måte. Barnehagen kan forklarast som ein møteplass for born der dei har tilgang på ulike aktivitetsrom og eit rikt utval av materialar (Nilsen, 2018, 147).

Det fysiske leikemiljøet i barnehagen sitt rom består av fylgjande: Innreiing av rom, tilgjengeleg leikemateriell, og born som opptrer i det og som tek det i bruk. Plassering av leikemateriell er avgjerande både for *om* borna tek det i bruk og *korleis* dei tek det i bruk. Trude Anette Brendeland (2018) hevdar at å vera medviten på kva leikematerial barnehagen tilbyr borna, har stor innverknad på kva borna leikar med, kven dei leikar med og kor lenge dei blir verande i leiken (s. 74). Ettersom leik skjer spontant og er uforutsett, vil det variera i kva grad den kan planleggjast for. Likevel krev det evne til refleksjon og planlegging hjå barnehagelærarane i sjølve utforminga av leikemiljøet i barnehagen.

Både personalet og barnegruppa vert betrakta som nødvendige aktørar i felles leike- og læringsprosessar. Men det fysiske miljøet vert òg omtala som ein avgjerande pedagogisk medspelar. Omgrepet «dei tre pedagogane» omfattar barnehagelæraren som den fyrste, barnegruppa som den andre og det fysiske miljøet som den tredje pedagogen (Carlsen, 2021, s. 23).

«De fysiske rammene barna lever i, styrer deres muligheter til sanseopplevelser, de åpner eller setter grenser for hva som er mulig å gjøre. For å skape et fruktbart samspill mellom barna og miljøet må barnehagelærerne beherske også dette språket og kunne organisere rommet og velge ut materialer med ulike typer kvaliteter» (Carlsen, 2021, s. 76)

Dei fysiske omgjevnadane lagar rammer for læringsmiljøet i barnehagen, og legg føringar og avgrensingar på kvardagslivet til borna i barnehagen og på barnehagen. I personalgruppa vil auka medvit og forståing rundt dei fysiske omgjevnadane og leikemiljøet bidra til å utnytte rommet som «den tredje pedagog» (Høyland et al., 2012, s. 23).

Magnhild Nordal Eggesbø har gjort seg erfaringar frå eit utviklingsprosjekt om barnehagens fysiske miljø. Ho vektlegg betydninga av å arbeida med barnehagens fysiske miljø, og forklarar at det er ein kontinuerleg refleksjons- og utviklingsprosjekt. Ho trekkjer også fram at både personalet og borna si stemme skal kunne bidra til utvikling (Krogstad et al., 2012, s. 17).

2.2.0 Rom

Monica Seland (2011) har forska på og forklarar barnehagar som offentlege rom for oppseding, omsorg, leik og læring (s. 25). Romma borna tek i bruk får betydning ved at dei enten gjev høve for eller legg avgrensingar på born si livsutfalding her og no (Seland, 2011, s. 25). Rom, innreiing og tilgjengeleg leikemateriell vil påverka korleis personalet organiserer kvardagen og den pedagogiske praksisen. Romma i barnehagen er planlagt, organisert og definert av personalet (Seland, 2011, s. 25). Små rom og krokkar kan gje gode høve for samspel mellom ei gruppe born som har eit felles fokus gjennom ein aktivitet (Seland, 2011, s. 45 & 46). For å skapa slike «rom» må personalet dela rommet inn i ulike sonar ved bruk av til dømes hyller, kommodar og skiljeveggar. Ho trekkjer fram at slike leikesonar gir borna høve til utforsking og læring (Seland, 2011, s. 46).

Eli Thorbergesen (2007) er opptatt av at borna sjølv skal kunna omforma leikemiljøet (s. 65). Det betyr at det bør vera element i romma og interiøret som kan brukast på fleire måtar. Det kan til dømes vera kassar, krakkar, benkar og hyller som kan snuast og stablast. Det bør òg vera mogeleg å laga mindre rom i rommet. For å kunna gjennomføra dette kan det til dømes nyttast snorer frå vegg til vegg og takast i bruk tekstilar og lys. Det kan òg nyttast skiljeveggar som er flyttbare for å avgrensa eit område. Når rommet vert endra, vil det gi ny inspirasjon til leik (Thorbergesen, 2007, s. 65).

I følge Hansson (2016) kan ein forstå barnehagen sitt rom som eit fleksibelt medium og eit tredimensjonalt lerret, som kontinuerleg kan påverkast og endrast (s. 18). Vidare peikar ho på betydninga av å vera bevisst på innreiing av rommet. Ho hevdar at eit rom som er innreia med mykje leikar og utstyr kan sjå fattig ut, sjølv kor fullt det er. Samstundes kan eit rom med lite leikar framstå som rikt, dersom leikane og utstyret er plassert på ein slik måte at det inviterer til utforsking (s. 24).

Brendeland (2018) hevdar at gode rom kan leggja til rette for gode møter, improvisasjon og oppdagingar (s. 76). Kor leikematerial og soner er plasserte har stor påverknad for at borna skal kunna bli verande i leiken utan å verta avbroten av andre rundt. Det er viktig at barnehagelærar legg til rette for at borna kan få fred i leiken utan at andre kjem og tek opp staden dei leikar på (Brendeland, 2018, s. 150).

Birger Dahl og Randi Evenstad (2012) hevder at nytteverdien er avhengig av romma si form, plassering av dører, ganglinjer og innreiing (s. 175). Det er til dømes forskjell på eit langt og smalt rom, og eit kvadratisk rom. Eit rom med berre éin inngang gir betre høve for innreiing enn eit rom med fleire inngangar (Dahl et al., 2012, s. 187). Samanhengen mellom romma spelar òg ei stor rolle for brukskvaliteten. Rom med gjennomgang kan redusera høve for å møblera og punktera attraktive krokar for å skjerma leik (Høyland et al., 2012, s. 41).

Miljøpsykologen Thorbjørn Laike (2002) trekkjer fram kompleksitet, heilskap og det han kallar romlegheit for å skildra estetiske rom for born (Evenstad et al., 2020, s. 50). Med kompleksitet meiner Laike (2002) at romma må ha eit rikt utval av materialar og ha rikeleg med stimuli for sansane. Heilskap handlar om at rom og materiale må vera godt organisert og meiningsfylt plassert. Romma må vera oversiktlege og tiltalande, og gje ein balanse mellom frodigheit og orden. Kompleksitet omhandlar i kor stor grad romma inneheld gjenstandar, ulike fargar og fasongar. Er det mange gjenstandar og mange ulike fargar kan dette verka forstyrrende for borna. Mindre visuelt og auditivt støy kan hjelpa borna med å finna ro og å konsentrera seg (Evenstad et al., 2020, s. 50).

2.2.1 Leikemateriell

Leikemateriell omfattar i denne oppgåva materiell, artefaktar, leikar og ting. Det er såleis samlenemninga for desse.

Hege Hansson (2016) trekkjer fram materialprinippet og forklarar at det ofte er slik at barnehagane vel å tilby litt av mykje forskjellig (s. 55). «Litt for enhver smak, litt for ethvert fagområde, litt for enhver alder og det meste skal være tilgjengelig til enhver tid» (Hansson, 2016, s. 55). Vidare meiner ho at for mykje leikemateriell og utstyr tilgjengeleg på ei og same tid, kan gi borna for mange val og bidra til uro og manglande konsentrasjon rundt borna sine gjeremål og prosjekt. Borna kan bli forstyrra av kvarandre som igjen kan føra til at dei ikkje blir verande i leiken. Det gjer det lett vint for borna å gå frå aktivitet til aktivitet, og vanskeleg

for borna å oppretthalda interessa i aktiviteten. På ei anna side kan eit rikt utval av ulikt leikemateriell bidra til at borna varierer i kva aktivitet dei inngår i, kva materiell dei tar i bruk og kven dei leikar med (Hansson, 2016, s. 55).

Hansson (2016) deler materiell inn i to ulike kategoriar; ikkje-pedagogisk materiell og kontrapedagogisk materiell. Ho forklarar at kontrapedagogisk materiell ofte er så førehandsdefinert og statisk at borna ikkje klarar å halda interessa og merksemda oppe over lengre tid. Det blir for enkelt å finna den eine løysinga, og slike materiell gir dermed for lite motstand for dei utforskande og lærande borna (s. 54). Ikkje-pedagogisk materiell står i kontrast til kontrapedagogisk materiell, og omhandlar materiell som ikkje har spesifikke læringsstrategiar og læringsmål. Dette kan vera materiell som er knytt opp mot eit spesifikt bruksområde, som til dømes i heimen, eller i ulike yrke (Hansson, 2016, s. 56 & 57).

Thorbergsen (2007) trekkjer fram at personalet sitt val av leikar seier noko om synet på born og leik. Dersom personalet ynskjer at borna skal ta i bruk kreativiteten, bør dei få materiale som kan skifta karakter og nyttast på ulike måtar (s. 61 & 62). Barnehagen bør difor ha ulikt materiale tilgjengeleg som kan inspirera til leik. Dette treng ikkje nødvendigvis å vera typiske ferdigproduserte leiker, men kan til dømes vera ei leikekasse som inneheld ulike naturmaterial som pinnar, bark, og blad. Ei anna kasse kan til dømes innehalda gjenbruksmateriale i form av korkar, plastflasker eller bæreposar. Kassane bør vera organiserte slik at det er enkelt å halda oversikt. Det kan tilførast nye element i kassane, byttast ut eller setjast vekk for ein periode. Variasjon og endringar vil gjera leiken meir interessant og gi nye impulsar (Thorbergsen, 2007, s. 62).

Brendeland (2018) påpeiker at barnehagen treng å ha store mengder grunnmateriell som borna kan sjå nytte/bruksverdi i (s. 86). Ho omtalar slikt materiell for «løse deler». Dei skal kunne flyttast på, manipulerast, omdefinert og skifta karakter, slik at borna kan ta det i bruk på ulike måtar (Brendeland, 2018, s. 86).

Aud Signe Moe (2020) meiner at rikeleg tilgang på leikemateriell styrker leiken og kan bidra til kreativitet og samarbeid born imellom. Eit mangfald av leikemateriell kan på denne måten vera med på å redusera moglege konflikhtar, ved at det er nok til at alle kan delta (s. 203).

Seland (2011) trekkjer fram at dersom leikemateriell er tilgjengeleg for borna vert det signalisert at personalet har ei haldning om at borna er sjølvstendige og kompetente nok til å ta i bruk romma og materialet. Er leikemateriellet derimot utilgjengeleg, vert det signalisert ei haldning om at borna har behov for å bli regulert og styrt av personalet (s. 27).

Elisabeth Nordin-Hultman (2004) har gjennom sine studie observert at leikemateriell som krev mykje opprydding og kan skapa uorden eller støy, er plassert utanfor borna si rekkevidde (s. 81). Dette er materiell som til dømes maling, modellkitt, garn og musikkinstrument. Det som derimot er tilgjengeleg for borna er leikar og materiell som har ei form for ro, er mindre støykrevjande i kvardagen og som krev mindre opprydding. Dette er leiker som puslespel, teiknesaker og duplo.

2.3 Barnehagelæraren og personalet si rolle

Barnehagelærarar har ansvar for at leikemiljøet på avdelinga vert utforma og tilrettelagt etter borna sine behov og interesser. Barnehagelæraren har likevel ikkje ansvaret åleine i arbeidet med tilrettelegginga av leikemiljøet. Barnehagelærar har hovudansvaret for å setja i gang og å delegera ansvar og oppgåver til resten av personalgruppa. I ei personalgruppe er det samla personale med ulik kunnskap- og erfaringsbakgrunn, interesser og haldningar, som vil vera med å påverka dette arbeidet.

Magnus Haarseth (2020) er opptatt av korleis personalet kan oppnå kvalitet i rommet gjennom tilrettelegging. Her peikar han på personalet si rolle i å ikkje rydda vekk, men å rydda fram. Han nemner dømer som å dekkje eit bord eller plassera ut dyr, plantar og steinar til ein jungel. På denne måten inviterer personalet til leik og lagar eit spennande leikemiljø (s. 156). Leikemateriell som har mista sin verdi kan verta spanande igjen dersom personalet presenterer det i ein ny kontekst, ein annan stad i rommet eller saman med andre leikemateriell (Haarseth, 2020, s. 156). Haarseth (2020) forklarar at ved å observera leik vil personalet kunne sjå at det er ein dynamisk prosess og at noko leikemateriell vil mista sin verdi undervegs (s. 156). Her meiner han at det er viktig å rydda «rundt» borna medan dei leikar. Dette er for å klara å oppretthalda leiken, og at den ikkje skal verta øydelagd av eit uoversiktleg leikemiljø. Det treng ikkje vera slik at personalet skal rydda for borna, men å vera tydeleg på at borna skal rydda før dei startar ein ny aktivitet (Haarseth, 2020, s. 156).

Haarseth (2020) trekkjer også fram betydninga av å ha eit overblikk i rommet. Han meiner at å ha ei slik oversikt inneber å heile tida kunna veksla mellom å vera i leik, observera leik og rettleia borna i leik (s. 157). Personalet må ha eit godt samarbeid, kunne meistra dei ulike rollane, samt å ha evne til å gå inn og ut av dei ulike rollane. Ei føresetnad for å lykkast med arbeidet, er at heile personalgruppa er medviten på og forstår si eiga rolle. Dette er eit krevjande arbeid i starten, men etter å ha lagt inn ein innsats over ein periode, vil personalet merka at avbrota i leiken bli færre. Dei må sjeldnare blanda seg inn for å avgrensa leiken til eit område, for å avgrensa mengda leikemateriell, eller for å be borna om å rydda. Personalet vil i større grad kunna fokusera på å rettleia dei borna som har særskilt behov for det (Haarseth, 2020, s. 157).

Løkken og Søbstad (2013) forklarar at observasjon fungerer som eit nyttig verktøy for å bli medviten både eiga og andre i personalet si rolle (s. 17). Personalet må òg vera aktivt deltakande i leiken og jamleg observera borna i leikemiljøet. Dette er for at dei skal kunna fanga opp borna sine interesser, tilføra nye eller fleire leikemateriell, gi impulsar til leik og å gjera eventuelle endringar i leikemiljøet (Løkken & Søbstad, 2013, s. 17).

ALLE MED er eit standardisert kartleggingsprogram meint for å få eit heilskapleg bilete av barnet og kva det meistrar. Dette observasjonsmateriellet dekkjer seks utviklingsnivå; språkutvikling, leik, sosio-emosjonell utvikling, kvardagsaktivitetar, trivsel og sansemotorisk utvikling (Statped, 2021). Dette kartleggingsprogrammet kan brukast som hjelp til dømes i høve det pedagogiske planleggingsarbeidet, som eit hjelpemiddel til foreldresamtalar eller som hjelp for at personalet skal ha ei observerande haldning (Statped, 2021).

3.0 Metode

I ei forskingsoppgåve må det gjerast val av metode for å innhenta, organisera og tolka informasjon. Metode er ein framgangsmåte for å finne svar på spørsmål og få ny kunnskap innanfor feltet. Den kan i hovudsak delast inn i kvalitativ og kvantitativ metode (Larsen, 2017, s. 17). Det som skil metodane frå kvarandre er hovudsakleg korleis data vert registrert og analysert (Bergsland et al., 2022, s. 28). Kvalitativ metode går i djupna og vektlegg betydning, medan kvantitativ metode handlar om tal og utbreiing. Me kan seia det slik at kvalitativ metode brukar innhenta data for å forma ein teori, medan kvantitativ metode brukar innhenta data til å bekrefte ein teori.

3.1 Val av metode

Det kan vera vanskeleg å velja eigna metode, men ofte er det problemstillinga som styrer kva metode som passar best (Larsen, 2017, s. 17). I vårt tilfelle vart det mest naturleg å velja den kvalitative metoden, med tanke på forskingsspørsmålet vårt: Korleis arbeider barnehagelærarar for å leggja til rette for leikemiljø i barnehagen? Problemstillinga vår krev at me er fysisk til stades i forskinga. Dette er for at me skal kunna systematisera og få innsikt i menneskelege uttrykk og handlingar. Kvalitative forskingsopplegg kan vera prega av at det ikkje er lagt til rette spesielle prøvesituasjonar eller arrangement for at forskaren skal styra åtferda til dei som skal forskast på (Løkken & Søbstad, 2013, s. 35). Her er det openheit og nærleik til det som skal studerast som er i fokus, og forskaren stiller open i samspelet med det som skal undersøkast (Løkken & Søbstad, 2013, s. 35). Me bestemte oss raskt for å bruka observasjon og intervju som metode.

3.1.0 Observasjon

Observasjon kan definerast som å sjå grundig og merksamt på noko i pedagogisk samanheng (Løkken & Søbstad, 2013, s. 40). I ei kvalitativ tilnærming vil observasjonen vera open og lite strukturert på førehand. Det viktigaste med denne metoden er fokuset til den som observerer; altså kva vedkommande ynskjer å få meir kunnskap om (Løkken & Søbstad, 2013, s. 40). Observasjon og intervju heng tett saman, og det er naturleg at desse overlappar kvarandre (Bergsland et al., 2022, s. 36). Ved å starta med observasjon, kan det koma fram ny informasjon og nye spørsmål til intervjuet som skal gjennomførast i etterkant. Observasjonane kan difor danna grunnlag for utdjupande spørsmål til intervjuguiden. Dei vil òg gje oss eit rikt datamateriale og ny kunnskap om temaet (Bergsland et al., 2022, s. 36).

Me gjennomførte observasjonar i barnehagen, der borna er i kjente omgjevnadar. Dette vert kalla feltundersøkingar (Larsen, 2017, s. 105). I denne settinga heldt me oss i bakgrunnen og var tilskodarar. Her var det viktig at me som observatørar opptredde som ikkje-deltakande for å unngå å påverka det som skal observerast. Både borna og personalet var informert om at me var til stades som observatørar (Larsen, 201, s. 106).

Observasjon kan både vera strukturert og ustrukturert, og for oss vart det ei blanding av desse to. Me gjennomførte strukturert observasjon i form av at me visste kva me skulle sjå etter og hadde forkunnskap om tema (Løkken & Søbstad, 2013, s. 47). På den andre sida valte me å notera ned funna i form av logg, og dette vert kategorisert som ustrukturert observasjon.

Rammene våre avgrensa ikkje eit konkret tidsrom, situasjon eller stad på avdelinga, men me hadde sjølvstilt avtalt tidspunkt for oppmøte og kva avdeling me skulle vera på.

Observasjonane våre vil ikkje bli presentert som funn i oppgåva, då desse berre skulle vera med på å gje oss eit heilskapleg bilete av leikemiljøet i barnehagen.

3.1.1 Intervju

Eit forskingsintervju vert brukt som reiskap for å samla informasjon om eit gitt tema, for å vidare skildra og tolka det som vert fortalt (Løkken & Søbstad, 2013, s. 104). I forkant av intervjuet utarbeidde me ein intervjuguide med ei liste av spørsmål og tema for det som skulle takast opp (Løkken & Søbstad, 2013, s. 108). Denne vart brukt som ei støtte gjennom intervjuet for at me skulle sikra oss best mogleg svar på problemstillinga vår. Før me avslutta intervjuet sjekka me at alle spørsmåla var svara på, og at me dermed hadde nok informasjon til å trekka ein konklusjon (Larsen, 2017, s. 100).

Me hadde i utgangspunktet avtale om å gjennomføra eit gruppeintervju med minst fire barnehagelærarar frå dei ulike avdelingane i barnehagen. På grunn av ferie, sjukdom og generelt dårleg bemanning, vart det rett og slett for sårbart for avdelingane å gjennomføra gruppeintervjuet. Dette har me forståing for, og me er begge godt kjent med at barnehagekvardagen kan vera uforutsigbar. Det viktigaste er sjølvstilt at personalet prioriterer å vera til stades med borna.

Metoden vår måtte difor endrast, og me gjennomførte eit samtaleintervju med to barnehagelærarar. Me fekk vidare tilsendt skriftlege svar på dei same spørsmåla frå to andre barnehagelærarar. Her fekk me såleis ikkje høve til å stilla oppfylgningsspørsmål. I eit samtaleintervju vil intervjuaren få ei djupare forståing av personen si åtferd og haldningar, motiv, erfaringar og opplevingar. I slike intervju er det viktig at informantane får rom til å snakka fritt. Undervegs er det viktig at intervjuaren er ein god observatør, og kan tolka mimikk og kroppsspråk for å få ei heilskapleg forståing. Informanten kan til dømes uttala seg positivt om noko medan kroppsspråket viser det motsette. Dette er viktig informasjon for korleis intervjuaren skal tolka informasjonen ein sit igjen med (Larsen, 2017, s. 100).

3.2 Planlegging av datainnsamling

I oppgåva vår har me eit samarbeid med ein forholdsvis stor barnehage med fire avdelingar og totalt 72 plassar. Her er det to blanda storbarnsavdelingar, og to blanda småbarnsavdelingar. På grunn av storleiken på barnehagen var me nøgde med å berre samarbeida med éin barnehage.

I forkant av intervjuet observerte me leikemiljøet på to avdelingar. Dette var for å få eit innblikk i den fysiske organisering av leikemiljøet og korleis borna tok det i bruk. Her valde me ein storbarn- og ein småbarnsavdeling. Ved å observera før me gjennomførte intervju, ville det vera lettare for oss å sjå samanheng mellom det me observerte og det som etterpå kom fram i intervjuet.

Informantane våre til samtaleintervjuet er barnehagelærarar frå ulike avdelingane i same barnehagen. Dette er ein stor barnehage og alle barnehagelærarane har ulik kunnskap og erfaring. Me meiner difor at det å berre intervjuar barnehagelærarar i éin barnehage, likevel ville gje oss eit godt grunnlag og nok informasjon om leikemiljøet. I vårt intervju var det dei barnehagelærarane som hadde tid til å stilla på intervjuet som deltok. Ved å gjennomføra eit samtaleintervju var målet at det skal bli samtale, diskusjon og gode refleksjonar rundt temaet leikemiljø i barnehagen.

3.3 Metodekritikk

Under observasjon av borna i leik, såg me at dei yngste borna vart veldig opptatt av oss som observatørar. Nokon ville ha oss med i leiken, medan andre var skeptiske. Det vart difor vanskeleg for oss å danna eit heilskapleg bilete av korleis borna naturleg opptrer i leikemiljøet og tek i bruk det leikematerialet dei har tilgjengeleg. Når det gjeld intervju, kan det å gjennomføra eit samtaleintervju kanskje opplevast som ubehageleg for informantane i høve det å ytra sine meiningar i fellesskap. Det er difor ikkje sikkert at alle er like komfortable og ærlege i ei slik setting. Det å vera fire til stades under eit intervju kan påverka korleis meiningar vert danna og kjem til uttrykk (Larsen, 2017, s. 101). Dette må me ta i betraktning når me skal tolka og analysera datamaterialet.

På grunn av at me har eit avgrensa datasett og berre fire forskingsdeltakarar kan dette vera ei feilkjelde. Oppgåva vår gir likevel eit innblikk i korleis barnehagelærarar arbeider for å leggje til rette for leikemiljø i denne barnehagen. Me måtte gjere om på metoden vår, og me ser at ei ulempe med å gjennomføre skriftleg intervju er at me ikkje fekk høve til å stille oppfølgingsspørsmål eller tolke kroppsspråket og mimikken til forskingsdeltakarane. Det kan òg gjere det vanskeleg når me skal analysere funna i ettertid, og føre til at me må tolke meir.

3.4 Ethiske refleksjonar

I denne bacheloroppgåva vert det ikkje behandla personopplysningar. Verken gjennom observasjonane me gjorde oss, og heller ikkje i intervjuet. Me tok ikkje bilete/video av barnegruppa eller personalet og heller ikkje lydopptak. Sjølv om me tok eit val om å ikkje behandla personopplysningar, gav me likevel ut informasjon både til foreldre og personalet i forkant. Me meiner at det er viktig at dei inkluderte har tilstrekkeleg informasjon om gjennomføringa vår (sjå vedlegg 1 & 2).

Informantane fekk god informasjon i forkant av intervjuet, både om tema og kva datamaterialet skal brukast til. Intervjuet var frivillig å delta på, og informantane kunne trekkja seg undervegs dersom dei ynskte det. Me hadde ikkje grunn til å søkje SIKT, då me gjennomførte intervjuet ved at den eine stilte spørsmål og at begge noterte ned svara. Dei skriftlege intervjuane fekk me levert den dagen me gjennomførte samtaleintervjuet, så her vart det heller ikkje behandla personopplysningar. Me kontakta personvernombodet ved Høgskulen på Vestlandet, for å vera heilt sikre.

4.0 Funn

Me gjennomførte både observasjon og intervju for å finna svar på problemstillinga vår:

«Korleis arbeider barnehagelærarar for å leggje til rette for leikemiljø i barnehagen?»

For å presentera empirien har me delt funna våre inn i fem kategoriar

1. Leiken si betydning i barnehagen
2. Leikemiljø
3. Rom

4. Leikemateriale

5. Barnehagelærer og personalet si rolle i leikemiljøet

Me har vald å skilja mellom informantane ved å gi dei fiktive namn; Anna, Silje, Kari og Line. Anna og Silje deltok på gruppeintervjuet, medan Kari og Line sendte oss skriftlege svar på spørsmåla.

4.1 Leiken si betydning i barnehagen

I spørsmålet om leiken si betydning i barnehagen, svarar Anna dette: «Leik er ein viktig del av borna sin kvardag i barnehagen, og me må skapa gode vilkår for leik». Silje støttar seg til Anna og fortset: «Leik skal vera lystbetont og kjekt for borna. Dei skal oppleva glede, meistring og det å vera ein del av eit fellesskap». Felles for informantane er at dei trekkjer fram leiken sin eigenverdi og kva betydning den har for born. Anna forklarar det slik: «Leik er grunnlaget for borns utvikling, leik og læring, og me har mykje fokus på leiken sin eigenverdi framfor leiken sin nytteverdi». Det er ikkje berre leik knytt opp mot gitte læringsmål som bidreg til utvikling og læring. Leiken sin eigenverdi bidreg òg til sosiale, kognitive og emosjonelle ferdigheitar, og er med på å utvikla borna sin fantasi og kreativitet. Line trekkjer fram at gjennom den frie leiken lærer borna å samhandla og å forhalda seg til andre menneske.

4.2 Leikemiljø

Dei siste åra har barnehagelærarane i denne barnehagen hatt særskilt fokus på leikemiljøet inne. Anna presiserer: «Arbeid med leikemiljø er ein prosess over lengre tid, som stadig er i endring og som me aldri vil bli ferdige med». Silje forklarar at dei jamleg har det oppe som tema på avdelings- og personalmøte. Dette er for at dei skal sikra at alle har kjennskap til kva eit leikemiljø er, korleis dei kan arbeida med det, og kvifor dei skal arbeida med det. Line meiner at ved å reflektera over kva leik betyr for ein sjølv, så kan det bidra til å forstå korleis dei kan leggja til rette for leik i ei barnegruppe.

Anna seier vidare: «Eit godt og inkluderande leikemiljø skal vera ein trygg stad der borna kan utforska og utfalda seg». Silje er einig med Anna, men trekkjer også fram kor viktig det er at borna har noko å strekkja seg etter. Leikemiljøet må òg tilby utfordringar og rom for problemløysing som bidrar til at borna må tenkja kreativt, eksperimentera med ulike

problemløysingar og læra av eigne feil. Leikemiljøet må derfor vera tilpassa borna sin alder, modning og interesser. Kari meiner at leikemiljøet skal gi borna høve til å handtera erfaringar og opplevingar frå til dømes legebesøk og reiser.

Line lyfter fram god struktur og organisering som viktige stikkord i eit godt og inkluderande leikemiljø. Det er viktig at me tek i bruk det arealet me har tilgjengeleg, deler borna i mindre grupper, og har eit personale som er til stades for borna. Anna forklarar at å dela borna i mindre grupper og å fordela dei i ulike leikesonar gjer det lettare å observera og støtta borna i leiken. Line fyl opp med at dei då har høve til å retta fokus på kvart einskild born sine interesser og behov, og å bidra til at alle kjenner seg sett, høyrte og forstått.

For å arbeida med leikemiljøet i barnehagen krev det eit personalet som jamleg observerer, reflekterer og gjer endringar undervegs. Silje seier: «Me gjer ikkje endringar i leikemiljøet utan at det er ein grunn for det, det er alltid gjennomtenkt». Anna fortel vidare: «Små endringar kan skje så ofte som kvar dag. Dette er endringar som å ta vekk leikemateriale og å tilføra nye og spanande leiker». Her ser me at det er borna sine interesser som er hovudfokuset når dei gjer endringar i leikemiljøet. «Store og drastiske endringar gjer me når me ser at leikemiljøet er for lite utfordrande for borna», fortset Anna. Dei forklarar at dei er opptatt av å gi borna ei forklaring på kvifor det vert gjort endringar. Dette gjer at borna får forståing for kvifor endringane er gjort og dei godtar det i større grad. På avdelinga til Line hadde dei lenge utfordringar med det eine rommet på avdelinga. Rommet innbydde til springing og herjing, og det vart kaos på avdelinga. «Me avgrensa rommet med gardiner festa i snorer i taket, og plasserte leikemateriell slik at me fekk delt rommet inn i ulike leikesonar» fortel ho.

Silje seier: «Dei eldste borna i barnehagen har betre føresetnadar for å gje uttrykk for sine ynskje og behov enn det borna på småbarnsavdelinga har. Anna støttar seg til det Silje seier og fortset: «Det er derfor viktig at me på småbarnsavdelinga observerer og tolkar borna sine signal og uttrykk». Observasjon og praksisforteljing er gode verktøy her. «Dei som er store nok av borna får òg høve til å medverka gjennom planlagde barnesamtalar» seier Silje. Her stiller dei borna ulike spørsmål knytt til leikemiljøet i barnehagen, og gjev dei dermed høve til å vera aktiv deltakande i planlegginga og vurderinga av leikemiljø. Dei skal få erfaring med å kunna påverka det som skjer i barnehagen. Anna viser til kartleggingseskjemaet «ALLE MED» og forklarar at det er eit observasjonsmateriell meint for å gi eit heilskapleg bilete av

barnet og kva det meistrar. Kari viser òg til barnesamtalar og kartleggingsskjemaet «ALLE MED» men presisere kor viktig det er at borna ikkje skal setjast ovanfor eit val dei ikkje er modne nok til å ta. Det er mykje borna kan vera med å medverka i, men dei er for små til å alltid vite sitt eiga beste.

4.2.0 Rom

Ein føresetnad for å skapa leikemiljø, krev at barnehagen har rom der det er plass til at borna får utfalda seg. Romma må innreist slik at det tilbyr ulike leikesonar og blir ein stad der ei gruppe born både kan delta i ulike typar leik, men òg trekkja seg tilbake. Line seier her: «Me ommøblerer avdelinga jamleg for at den skal kunna tilby gode høve for leik og utforsking». Det gir borna høve til å gøyma seg litt vekk, samtidig som dei har ei god oversikt over kva avdelinga har å by på av leiker. Silje trekkjer fram ei utfordring med det eine rommet på avdelinga: «På grunn av at rommet til saman har fem dører, der to av dei er i dagleg bruk, er det vanskeleg for oss å innreia rommet».

Felles for alle avdelingane er at dei tek i bruk garderoben som leikeareal. Anna forklarar det slik: «Me brukar garderoben når me ser at nokre born har ekstra behov for å trekkja seg vekk». Silje støttar denne utsegna og fortset: «Når mange born skal dela på ei lita avdeling, vert det fort mykje støy og uro». Barnehagekvardagen er travel og borna har behov for å kunne trekkja seg vekk. Kari fortel: «Me brukar garderoben til å skjerma leik». Line forklarar at dei opnar opp for fysisk leik i garderoben når dei ser at borna treng å få ut litt energi.

Anna og Silje er opptatt av korleis det som heng oppe på veggane påverkar rommet og leiken. Anna fortel at dei har nesten ingenting hengjande oppe på veggane. Silje er opptatt av at det som heng oppe skal vera interessant for borna, og relevant for det dei har fokus på. Anna forklarar at dei har bilete av ulike fugleartar med namn over sofaen, og på det eine rommet har dei bilete knytt opp mot Astrid Lindgren som er årets forfattar. Anna rekk nesten ikkje fullføre setninga før ho plutselig kjem på at: «Oi! Eg har jo gløymt det viktigaste. På mi avdeling brukar me noko som kallast «veljerunde»». Ho forklarar at på veggen heng det fleire laminerte ark med bilete av ulike skogar som skal illustrera ulike «rom». Etter frukost får borna høve til å plassera bilete av seg sjølve og den aktiviteten dei ynskjer inn i eit av romma. I kvart rom er det avgrensa kor mange det er plass til, og når det er fullt må borna finna ein annan aktivitet. Silje hevdar: «Eg synst dette er ein fin måte å få delt borna inn i mindre grupper på, og å fordela dei i ulike leikesonar». Anna fortset: «På denne måten blir borna òg

meir medvitne på kva aktivitet dei har valt, og me opplever at borna blir verande lenger i leiken. Dei kan når som helst byta aktivitet, men det forutset at dei ryddar opp etter førre aktivitet».

4.2.1 Leikemateriell

Leikemiljøet vert skapa og utforma ut ifrå kva leikemateriell dei har tilgjengeleg i barnehagen. Anna fortel: «Det er me som bestemmer kva leikemateriell borna skal ha tilgang på, og det krev derfor at me kjenner barnegruppa og observerer deira behov og interesser». Vidare peikar ho på kor viktig det er å tilby borna leikemateriell som gjev dei leikelyst. Silje støttar opp om dette og påpeikar at dei må vera aktivt deltakande i leiken for å forstå kva som fenger borna og kva leikemateriell dei har behov for. Både Anna og Silje er opptatt av å ta vare på leiken som borna er interessert i og å tilføra leikemateriell som kan bidra til å utvida leiken. Silje seier at dei må stilla seg spørsmål som: «Kva treng borna for å ha lyst å leike?».

På spørsmålet om kva leikemateriell dei opplever fenger borna best, svarar Line fylgjande: «Det meste av leikemateriell vert spanande ut ifrå korleis personalet er til stades i leiken, korleis me introduserer leikene og korleis leiken utviklar seg». Kari opplever at leikemateriell som vert presentert i samlingsstund er populært å ta med vidare inn i leiken. Ho utdjuar: «Når me har hatt ei samlingsstund om geitekillingen som kunne telle til ti, har rekvisittar og konkretar blitt brukt i leiken i ettertid». Dei er opptatt av å tenkje gjennom kva leikemateriell dei tilbyr borna og at det skal vera av interesse. Dei er einige om å ha ein passeleg mengde leikemateriell, samstundes som det skal vera nok til at fleire kan leike saman. Line fortel: «For mykje leikemateriell tilgjengeleg til ei kvar tid, er ikkje optimalt». Ho forklarar vidare at dei har sett vekk ein del leikemateriell, men at dei kan finne det fram dersom borna ynskjer det. Det krev at skuffer og leikekassar må vera merka med bilete, slik at borna veit kvar dei ulike leikene er og kan rydda på plass att når dei er ferdige med leiken. Kari forklarar det slik i høve si avdeling: «Leikematerialet på avdelinga skal vera tilgjengeleg for borna, slik at dei veit kvar dei finn det. Men me avgrensar kva som er tilgjengeleg til ei kvar tid». Det som ikkje er tilgjengeleg er plassert på lageret. Me tolkar det som at Kari vil fram til at leikematerialet dei har valt å ha tilgjengeleg for borna skal plasserast slik at borna sjølv kan finne dei og ta dei i bruk utan å måtta få hjelp av personalet.

Anna og Silje trekkjer fram omgrepa definerbare og udefinerbare leiker. Anna forklarar: «Me har eit rikt utval av udefinerbare leikemateriell som til dømes treklossar i ulike variantar, storleiker og fasongar. Det er dette leikematerielle me opplever fenger borna mest og gir god leik over lengre tid». Silje er einig med Anna, men trekkjer òg fram at det å ha litt definert og litt udefinert leikemateriell er med på å utfylle kvarandre og gjera leiken rikare. Materiell som ikkje er definert på førehand stimulerer i større grad borna sin fantasi og kreativitet. Dei må sjølv definere leikematerialet. Silje gjev eit døme: «Borna er no særskilt opptatt av «dyreleik», så me har hatt fokus på å tilføre leiken ulikt naturmaterieill. Me observerer at leiken varar lengre og at fleire born leiker saman». Anna støtter seg til Silje og utfyller: «Så lenge me har nok leikemateriell av ein sort, treng me heller ikkje tilby alt av leikemateriell». Silje bekrefter at leiken vert meir interessant og borna søker saman om felles interesse.

4.3 Barnehagelærar og personalet si rolle

Line trekkjer fram at som barnehagelærar har dei eit særskilt ansvar for å skapa leikemiljø på avdelinga. Kari poengterer vidare at dei er avhengige av å få med resten av personalet. Anna og Silje trekkjer begge fram at barnehagen deira har eit samla pedagogisk grunnsyn og er samkøyrt. Anna seier fylgjande: «I denne barnehagen opplever eg at me har nokre felles rammer og tankar om kva som kjenneteiknar eit godt og inkluderande leikemiljø». Silje bekreftar det Anna seier, men påpeiker òg at personalet har ulike meiningar og haldningar som får både positiv og negativ innverknad på leikemiljøet. Ho fortset: «Eg er nok over gjennomsnittet sensitiv for kaos og støy, medan du Anna ofte legg til rette for den type leik og tillèt nok meir støy enn meg». Anna tilføyer: «Eg vil poengtera at støyen eg tillèt skal komma til uttrykk gjennom glede, latter og humor. Støy i form av roping og slåssing må dei ta med seg ut».

Kari framhevar at personalet på dei ulike avdelingane må utforska, prøva, feila og erfare kva som verkar best for si barnegruppe. Dei har tidlegare nemnt at observasjon er eit viktig reiskap når dei skal skapa leikemiljø på avdelinga for å få eit innblikk i kva borna interesserer seg i. Line forklarar det slik: «Me bruker observasjon som reiskap for at leikemiljøet stadig skal vera i utvikling i takt med borna sin alder, modning, behov og interesser». Avslutningsvis trekkjer ho fram samarbeidet med foreldre. «Me er opptatt av å ha tett dialog med foreldre om det borna fortel heime, slik at me ved behov kan ta tak i det og gjere eventuelle endringar og tilpassingar så tidleg som mogleg» seier ho.

5.0 Drøfting

I dette kapittelet har me drøfta funna våre i lys av teorien me gjorde greie for i kapittel 2.

5.1 Leiken sin betydning i barnehagen

I intervjusamtalen legg Anna vekt på at personalet må skapa gode vilkår for leik, fordi leik er ein viktig del av barnehagekvardagen. Me opplever at barnehagelærarane er einige i at det viktigaste for leiken er at den er lystbetont, til glede for borna og at borna opplever meistring og tilhøyrse i eit fellesskap. Dette kan sjåast i samanheng med det Øksnes (2010) trekkjer fram; at leiken er spontan og driven fram av borns indre motivasjon og lyst (Wolf, 2021, s. 25). Wolf (2021, s. 24) nemner òg den spontane leiken, og forklarar at det skjer læring utan at det er eit klart skilje mellom kva som er leik og kva som er læring. Dette bekreftar det synet Anna har om at leik er grunnlaget for borns utvikling, leik og læring og at dei dermed har fokus på leiken sin eigenverdi framfor leiken sin nytteverdi. Me tolkar det som at ho ynskjer å leggje til rette for gode forhold for leik på avdeling framfor å tenkja at leik må vera ein tilrettelagt aktivitet med definerte mål. I fri leik skjer det læring uavhengig av om det blir lagt opp til det eller ikkje. Men leiken vil uansett verta påverka av ytre faktorar. Det er dei rammene som vert sett og det som vert tilbudd av rom og tilgjengeleg leikemateriell, som definerer kva leik det blir lagt til rette for. Barnehagelærarane me intervjuar er opptatt av å gi leik ein sentral plass i barnehagekvardagen, slik det òg vert lyfta fram i rammeplanen at dei er plikta til (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20).

Anna beskriv eit godt og inkluderande leikemiljø som ein trygg stad der borna kan utforske og utfolde seg. Silje trekkjer fram at borna må ha noko å strekkje seg etter. Det er difor viktig å tilby borna utfordringar og høve for problemløysing som igjen bidreg til at dei må tenkje kreativt og eksperimentera. Dei må òg lære av eigne feil og erfaringar. Kari meiner at leikemiljøet skal gi borna høve til å bearbeida erfaringar og opplevingar frå til dømes legebepok og reiser. Alle desse refleksjonane og beskrivingane av eit inkluderande leikemiljø krev at personalet er til stades i borna sin leik. Wolf (2021, s. 25) trekkjer fram at dersom personalet deltek i borna sin leik, vil dei kunne sjå kva dei interesserer seg for og er opptekne av. I personalgruppa vil auka medvit og forståing rundt dei fysiske omgjevnadane og leikemiljøet bidra til å utnytte rommet som «den tredje pedagog» (Høyland et al., 2012, s. 23).

5.2 Rom

For å skapa eit samspel mellom borna og leikemiljøet må barnehagelærarane, saman med resten av personale, organisera rommet og velgje ut leikemateriell med ulike kvalitetar (Carlsen, 2021, s. 76). Romma må vera oversiktlege og tiltalende, og gje ein balanse mellom frodigheit og orden (Evenstad et al., 2020, s. 50). Laike (2002) trekkjer fram at romma må ha eit rikt utval av materialar, og at rom og materiale må vera godt organisert og meiningsfylt plassert (Evenstad et al., s. 50).

Line lyfter fram god struktur og organisering som viktige stikkord i arbeid med leikemiljø i barnehagens rom. Ho forklarar at det er viktig at dei tek i bruk det arealet dei har tilgjengeleg, deler borna i mindre grupper og at personalet er til stades for borna. Det er ei kjennsgjerning at det i dei fleste barnehagar er mykje som skal inn på eit forholdsvis lite areal. Det er mange behov som skal dekkjast, og avdelinga skal kunne tilby ulike typar leik. Dette stiller krav til struktur og eit bevisst personalet. Line trekte fram ei utfordring knytt til det eine rommet på avdelinga som innbydde til springing og herjing. Haarseth (2020, s. 157) peiker på at personalet må arbeida hardt og intensivt med utfordringa og at det er krevjande i starten. Etter å ha lagt inn ein innsats over ein periode, vil dei merke at avbrota i leik blir færre. Samstundes er det ikkje alltid nok å berre sjå på personalet si aktive rolle. I dette tilfelle må dei kanskje sjå på kva dette rommet innbyr til. Line fortel vidare at dei måtte avgrensa rommet med gardiner festa i snorer i taket og plassera leikemateriell i ulike leikesonar. Dei har gjort fysiske endringar i rommet. Når rommet vert endra på, vil det gi ny inspirasjon til leik (Thorbergesen, 2007, s. 65). Endringar i leikemiljøet handlar ofte om å skifte ut leikemateriell, dele rommet inn ved bruk av til dømes kommodar og skapa ulike leikesonar. Endringane vert utført av personalet og ofte kan dei vera ganske fastlåste. Slik Seland (2011, s. 25) forklarar, er romma i barnehagen planlagt, organisert og definert av personalet, og rom, innreiing og tilgjengeleg leikemateriell vil påverka den pedagogiske praksisen ved at det enten gjev høve for eller avgrensar borns leik. Utfordringa her kan vera at leikesonane vert for definert og at det kan vera vanskeleg for borna å påverka det. Thorbergesen (2007, s. 65) trekkjer fram at det bør vere element og interiør i rommet som borna sjølv kan flytte på. Personalet må skapa eit leikemiljø som gir rom for borns medverknad. Det er viktig å vera open for at borna sjølve kan skapa eit inspirerande leikemiljø, og ofte ser borna andre løysingar og bruksområdet enn oss. I tilfelle der borna sjølve skal kunne flytte på kassar, kommodar, bord og benker, må personalet òg vera sikre på at tryggleiken er ivaretatt. Det er òg skilnad på å skapa leikesoner/leikemiljø ved å berre plassera leikemateriell ulike stader i rommet, mot å fysisk

definera eller avgrensa ved bruk av til dømes kommodar, teip på golvet, tepper eller madrassar. Me har erfart at eit leikemiljø som er fysisk avgrensa, er lettare å bevare og meir definert.

Ut i frå vår empiri kjem det fram at romma si konstruksjonsmessig utforming er med på å definera og avgrensa leikemiljøet. Dette spelar ei stor rolle for innreiing og møblering, og er noko det er vanskeleg å endra på. I utforming av leikemiljø er det fyrste som må gjerast å sjå på kva rammer barnehagen har, og tilpasse leikemiljøet ut i frå det. Her er det nødvendig å sjå på rommet sin storleik, form og tal dører og vindauger. Silje fortel om utfordringar knytt til dette. Det eine rommet på avdelinga hennar består av totalt fem dører, der to av dei er i dagleg bruk. Slike rom er vanskelegare å utforma og kan gi avgrensingar når det skal lagast ulike leikesonar. Utfordringa til Silje kan sjåast i samanheng med forklaringa til Dahl og Evenstad (2012, s. 187) om at eit rom med berre éin inngang gir betre høve for innreiing enn eit rom med fleire inngangar. Dette rommet har reduserte høve for møblering og har dårlegare utgangspunkt for å skapa attraktive krokar egna for skjerma leik (Høyland et al., 2012, s. 41). I arbeid med å skapa leikemiljø er det såleis viktig å vera realistisk og sjå på kva som faktisk kan gjennomførast med det utgangspunktet som er. Alle barnehagar er ulikt utforma og det vil difor ikkje vera ein fasit som kan kopierast.

I intervjusamtalen vart det trekt fram kor vidt visuell støy kan påverka leikemiljøet. Visuell støy i denne betydinga, handlar om ulike bilete, illustrasjonar, maleri, teikningar og anna som heng på veggane. Felles for mange barnehagar er at personalet heng opp borna sine teikningar/maleri/produkt. I den samanhengen tenker me at det er viktig at det må vera ein balanse mellom å ta ned når det skal hengjast opp nytt, og at det er ein viss plan over det som skal opp på veggen. Silje og Anna forklarar at dei har nesten ingenting hengjande oppe og at dei er opptatt av at det som heng på veggane skal vera av borna si interesse. Når dei har for mykje hengjande oppe samstundes vil fokuset rundt det enkelte forsvinna. Anna og Silje valde difor avgrensa seg til å bruke bilete av det dei hadde som fokusområde, som til dømes bilete knytt opp mot Astrid Lindgren. Likeins kan bilete i ulike fargar, storleikar og fasongar verka forstyrrende og bidra til at leikemiljøet kjennes rotete. Silje trekkjer fram at ho hadde denne opplevinga med visuelt støy. Når personalet opplever det som forstyrrende og rotete, bør me tenkje at borna kan kjenne det på same måte. Mindre visuelt og auditivt støy kan hjelpe borna med å finne roen og å konsentrera seg (Evenstad et al., 2020, s. 50). Anna fortel vidare om kva dei vel å ha hengjande oppe og ikkje. På det eine rommet har dei bilete av

skogar som skal illustrere ulike «rom». Dette kallar ho for «veljerunde». Her blir borna tvungne til å tenkja gjennom kva aktivitet dei har lyst til å gå inn i, og dei blir meir medvitne på kva leik/aktivitet dei har å velgje mellom. Personalet kan påverka kva og kor mykje leikemateriell borna skal ha tilgang på. Det er viktig at borna ikkje får for mange alternativ å velgje mellom, då det kan bidra til manglande konsentrasjon og uro rundt borna sine prosjekt (Hansson, 2016, s. 55). Med denne metoden bør ein derfor ha som mål å samla flest mogleg born rundt ein eller fleire felles aktivitetar. For å oppnå dette og for å få borna til å bli verande i leiken over tid, krev det at personalet er til stades og kan rettleia borna. For born er det ikkje alltid like enkelt å halde interessa oppe over tid, og personalet må ofte gjere borna medvitne på kva aktivitet dei har valt og hjelpe dei å halda seg til aktiviteten. Anna forklarar at borna kan byta aktivitet når dei vil, men at det føreset at dei har rydda opp etter den førre. Borna får sjølv velgje kva «rom» og aktivitet dei vil gå inn i. Samstundes ser me at personalet òg har eit unikt høve til å påverka leikegruppene og aktivitetane. Personalet kan på førehand plassera born og aktivitet inn i dei ulike «romma». Dersom eit born strever med å få innpass i barnegruppa kan personalet på denne måten arbeide med å gi borna ei felles interesse, og delta aktivt med å støtte barnet i sosiale samspel. Med denne metoden må personalet vera tydeleg på kvar i rommet borna startar ein aktivitet. Dette er for at leiken ikkje skal bli avbroten av andre born rundt. Personalet må plassere born og aktivitet ulike stadar i rommet, og som barnehagelærer må det leggjast til rette for at borna får fred i leiken utan at nokon kjem og opptek staden dei leiker på (Brendeland, 2018, s. 150).

5.3 Leikemateriell

Ut ifrå vår forskning kjem det fram at leikemateriellet som vert tilbydd i barnehagen skal gi borna lyst til å leike. Dette krev at personalet har kjennskap til borna sine interesser og kva leik som fenger. Personalet må tilføre leikemateriell som er med på å byggje leiken vidare. Anna og Silje fortel at det er personalet som bestemmer kva leikemateriell borna skal ha tilgang på og dei er einige om at det må vera ei passeleg mengde leikemateriell, samstundes som at det skal vera nok til at fleire kan leike saman. Ofte er det slik at barnehagane opererer etter materialprinsippet, og vel å tilby litt av mykje forskjellig (Hansson, 2016, s. 55). Moe (2020, s. 203) forklarar at rikeleg tilgang på leikemateriell styrkar leiken og kan bidra til kreativitet og samarbeid born i mellom. Nok leikemateriell kan òg bidra til færre konflikhtar ved at ein har nok til alle. Slik Hansson (2016, s. 55) forklarar kan mykje leikemateriell av ulike sortar bidra til at borna variere kva leik dei inngår i, kva leikemateriell dei tek i bruk og kven dei leikar med. På den andre sida kan for mykje leikemateriell gi borna for mange val og

gjere det lett vint å gå frå aktivitet til aktivitet. Det blir vanskeleg for borna å halda interessa oppe over tid og dei kan bli forstyrre av kvarandre (Hansson, 2016, s. 56 – 57).

Forskingdeltakarane våre er einige i at dei ikkje kan ha alt av leikemateriell tilgjengeleg samtidig, og at dei til ei kvar tid må vurdere kva som kan vera framme og ikkje. Kari er tydeleg på at det leikematerialet dei vel å ha framme skal vera tilgjengeleg for borna og plassert i barnehøgd slik at borna kan ta det i bruk utan å måtte få hjelp av personalet. Dei er difor opptatt av at skuffer, skap og kasser er godt merka slik at borna veit kvar dei finn leikene og kan rydde dei tilbake igjen når dei er ferdig. Dersom leikemateriellet er plassert i barnehøgd, meiner Seland (2011, s. 27) at det vert signalisert at borna er kompetente nok og sjølvstendige til å ta i bruk romma og materialet. Felles for barnehagane der me har hatt vår praksis, er at ein del formingsaktivitetar er plassert i skap eller på lager der born ikkje har tilgang. Formingsaktivitetar krev at personalet er til stades då dette gjerne er materiell som krev både ei viss tilrettelegging og mykje opprydding i ettertid. Våre observasjonar kan sjåast i samanheng med Nordin-Hultman (2004, s. 81) om at leikemateriell som kan skapa uorden og støy eller som krev mykje opprydding, er plassert utanfor borna si rekkevidde. Ifølgje Seland (2011, s. 27) signaliserer dette at borna har behov for å bli regulert og styrt av personalet. Her blir det ein balansegang mellom å regulera tilgangen for mykje, og å ta kloke val på kva som faktisk kan stå framme. Me tenker at borna sin alder spelar ei viktig rolle, i høve det å vera moden nok til å ta val og konsekvensane av vala. Borna skal ikkje setjast ovanfor eit val dei ikkje er kompetente til å ta. I ein travel kvardag i barnehagen, må personalet òg velgje sine kampar i høve til kva dei kan bruka tid på å ikkje.

På spørsmålet om kva leikemateriell som fenger borna mest forklarar Line at det meste vert spanande ut ifrå korleis personalet er til stades i leiken og korleis dei introduserer leikene. Kari fortel at leiker, rekvisittar og konkretar som vert presentert i samlingsstund er populært å ta med seg inn i leiken i ettertid. Begge desse refleksjonane trekkjer fram personalet si rolle i leikemiljøet. Personalet kan plassere leikemateriell i ulike kontekstar, ulike stader i rommet og saman med andre leikemateriell for at det skal fenge borna og bidra til å setje i gang ein leik. Variasjon og endringar vil gjere leiken meir interessant og gi nye impulsar (Thorbergesen, 2007, s. 62). Thorbergesen (2007, s. 62) trekkjer fram at personalet sitt val av leiker seier noko om syn på born og leik; dersom borna skal bruke kreativiteten sin må dei få materiale som kan skifte karakter og som kan brukast på fleire måtar. Forskingdeltakarane våre trekkjer fram at udefinierbare leikemateriell er populære i leiken. Dei er difor opptatt av å tilby borna eit rikt utval, slik at fleire kan leike saman og finne ei felles interesse rundt same aktivitet.

Silje fortel om den populære dyreleiken og at dei har tilført leiken ulikt naturmaterieell for å byggje den vidare. Naturmaterieell går under kategorien udefinerbare leikematerieell fordi dei ikkje er så førehandsdefinerte og statiske at borna mister interessa for dei. Brendeland (2018) hevder at barnehagen bør ha store mengder grunnmaterieell som borna kan sjå moglegheiter i. Dei skal kunne verta flytta på, manipulert, definerast om og skifte karakter, slik at borna kan ta det i bruk på ulike måtar (s. 86).

5.4 Heile laget med!

Line trekkjer fram at barnehagelærar har det overordna ansvaret på avdelinga og eit særskilt ansvar i arbeidet med å skapa leikemiljø. I dette ligg det at nokon må vera drivkrafta, setje rammene og ha ansvaret for å engasjera resten av personalet. Barnehagelærar kan ikkje og skal ikkje gjere arbeidet med å utforma leikemiljø åleine. I kvardagen er alle fysisk til stades med borna, og det er såleis viktig at alle innehar kunnskapen og den drivkrafta som skal til. Me tenkjer at nettopp dette er noko ein må starta med; å skapa lyst og motivasjon hjå alle til å arbeida målretta med dette i kvardagen. Dette handlar om at alle bør få eit eigarforhold til arbeidet. Me har erfart at når personalet får ansvar og oppgåver tidleg i prosessen skapar det eit anna engasjement enn om dei berre må gjennomføra noko andre har planlagt. Viss ikkje, kan det føra til at det, i dette tilfellet, kan bli vanskeleg å få leikemiljøa til å fungera i det daglege. For å oppretthalde meistringskjensla og motivasjon i personalgruppa, trekkjer Haarseth (2020, s.157) fram viktigheita av at alle veit kva dei skal gjere, korleis dei skal gjere det og kvifor dei skal gjere det.

Me opplever at Line har hatt utfordringar med leikemiljøet på avdelinga når ho fortel at det ikkje alltid er slik at alle i personalet orkar å regulere borna, eller å delta i leik. Dette handlar om at personalet har ulike haldningar og måtar å løysa utfordringar på. Dette tenkjer me understreka kor viktig det er at alle forstår kor viktig rolle dei har i høve borna sin leik. Det er ikkje slik at personalet alltid skal delta aktivt i leik, men like viktig er det å observera kva som føregår, gripa inn, rettleia, og å gå inn og ut av leiken ved behov. Haarseth (2020, s. 157) kallar det for å ha eit overblikk. Dette handlar kanskje om at personalet ikkje har vore medvitne på og forstått si eiga rolle. Barnehagelærar har eit særskilt ansvar for å syta for at alle har kunnskap om og ser verdien av leik, og ikkje minst at alle forstå kva rolle personalet har i borna sin leik. Haarseth (2020) påpeiker at dersom personalet ikkje er klar over kva dei skal gjere, eller korleis dei skal gjere det, vil det føre til eit fråvær av meistring. Veit dei ikkje kvifor, vil det føre til mangel på motivasjon (s. 160).

Anna og Silje fortel i intervjuet at personalet har eit samla pedagogisk grunnsyn og at dei er samkøyrt. Med dette ligg det at dei har nokre felles rammer og reglar for korleis leikemiljøet skal skapast. Dei trekkjer fram at dei jamleg har det oppe som tema på avdelings- og personalmøte, og på denne måten kan dei diskutera, reflektera og dela kunnskap med kvarandre. Sjølv gjennomføringa av leikemiljøet, og det å arbeida med å bevare leikemiljøet kan vera utfordrande i seg sjølv. Personalet må kunne leggje til rette for ulike typar leik, sjå kva borna har behov for og ta vekk det som ikkje treng vera der. Dei kan ikkje låse seg fast til ei møblering, men må vera opne for å gjere endringar i leikemiljøet. Ovanfor borna må dei vera tydeleg på kvifor endringane vert gjort og å gi dei ein forklaring på det.

Forskingdeltakarane våre bekrefta at dersom borna fekk ei forklaring på kvifor det vart gjort endringar, var det lettare for borna å godta det og dei fekk ei forståing for kvifor. I intervjuet forklarar Silje at personalet ikkje gjer endringar med mindre det er ein grunn for det. På denne måten må personalet observere og vera delaktig for å kunne vurdere og forstå borna sin leik og trong for å bevege seg rundt i rommet. For å oppnå kvalitet i rommet, må personalet i følgje Haarseth (2020, s. 156) ikkje rydda vekk, men rydda fram leikemateriell.

Leikemateriell som ikkje er interessant for borna kan bli det dersom personalet presenterer det i ein ny kontekst, ein anna stad i rommet eller saman med andre leikemateriell. Personalet må òg syta for at det er ryddig og ein viss orden rundt borna sin leik. Det er ikkje personalet som nødvendigvis skal rydda for borna, men dei bør vera tydelege på at borna må rydda opp etter seg før dei startar ein ny aktivitet. Eit uoversiktleg leikemiljø kan øydelegge og gjere det vanskeleg å oppretthalde leiken (Haarseth, 2020, s. 156 – 158). For å kunne arbeidet med dette må personalet ha eit «overblikk», og få med seg kva som skjer i leikemiljøet. Slik me har reflektert rundt tidlegare må personalet ha evne til å gå inn og ut av dei ulike rollane og dermed variera mellom å delta i leik, observera leik og rettleia leik (Haarseth, 2020, s. 157).

Anna og Silje fortel at dei i dei siste åra har hatt særskilt fokus på leikemiljøet inne i barnehagen. Anna forklarar at eit leikemiljø er ein prosess over lengre tid, som stadig er i endring og som dei aldri vil bli ferdig med. Dette utsegnet kan sjåast i samanheng med det Eggesbø påpeikar; at barnehagen sitt fysiske miljø er ein kontinuerleg refleksjons- og utviklingsprosess (Krogstad et al., 2012, s. 17). Barnehagen må syta for at heile personalet får høve til å reflektere rundt og ha tankar om leikemiljøet i barnehagen på avdelings- og personalmøte. Kari forklarar det med at personalet må utforska, prøva, feila og erfara kva som verkar best for dei ulike barnegruppene og på dei ulike avdelingane. Målet bør vera at borna

skal bli verande i leiken så lenge som mogleg; ikkje på grunn av at dei får beskjed om det, men fordi dei syns leiken er god. Borna sin medverknad skal òg takast i betraktning og borna har ulike føresetnadar for å kunne vera med å medverka. Dei må difor få høve til å påverka leikemiljøet både verbalt og gjennom kroppsspråk. Personalet må vera aktivt deltakande i leiken, observere borna og forstå deira signal og uttrykk (Løkken & Søbstad, 2013, s. 17). På denne måten kan dei fange opp borna sine interesser, tilføre nye eller fleire leikemateriell, gi impulsar til leik og gjere eventuelle endringar i leikemiljøet. Forskingsdeltakarane viste også til planlagde barnesamtalar og kartleggingsskjemaet «ALLE MED», som gode verktøy for å la borna gi innflyting på leikemiljøet i barnehagen. Eggesbø hevder at både barnegruppa og personalet si stemme skal kunne bidra til utvikling (Krogstad et al., 2012, s. 17).

6.0 Avslutning

Utgangspunktet for denne oppgåva var å få meir innsikt i korleis barnehagelærarar arbeider med leikemiljøet inne i barnehagen. Hensikta vår var å setje søkelys på kva val barnehagelærarar tek i utforming og tilrettelegging av leikemiljøa. Me opplever å ha fått gode og utfyllande svar frå forskingsdeltakarane, og det er tydeleg at dette temaet er noko dei har fokus på og opplever som viktig i kvardagen.

Det er ikkje alltid det er så mykje som skal til for å lage spanande miljø som inspirerer til leik. Mykje avheng av korleis me som barnehagelærarar innreier romma og introduserer leikematerialet. Leikemiljø er noko barnehagelærar må velja å setja fokus på, og det er ein prosess som krev tid og kontinuerleg endring og refleksjon undervegs. Det avheng vidare av at heile personalet er delaktige og medvitne på at dei har ei viktig rolle for at leikemiljøa skal fungera i praksis. Personalet må sjonglera mellom å vera tilretteleggjar, deltakar, observatør og rettleiar i borna sin leik.

Utgangspunktet for utarbeiding av leikemiljøa i barnehagen er at leiken sin eigenverdi skal stå sentralt. På den måten vert borna sin eigen leik anerkjent. Ettersom leik er ein så viktig del av barnehagekvardagen, tenkjer me at det å ha fokus på leikemiljø i det store og heile handlar om å arbeida med kvalitetsutvikling. I så måte er barna sitt perspektiv og medverknad i prosessen eit viktig å ha i botnen.

Me vil ta med oss kunnskapen me har tileigna oss gjennom denne oppgåva når me no skal ut i barnehagen som nyutdanna barnehagelærarar. Arbeidet har gitt oss verdifull innsikt i kva som må ligga til grunn for å lukkast, og kva som kan vera utfordrande.

7.0 Litteraturliste

- Bergsland, M. D. & Jæger, H. (2022). Bacheloroppgaven. I M. D. Bergsland & H. Jæger (Red.), *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen* (2. utg.). (s. 15 – 51). Cappelen Damm Akademisk.
- Brendeland, T. A. (2018). *Lekelyst- med rom for innelek*. Pedagogisk Forum.
- Carlsen, K. (2021). *Reggio Emilia – atelierkultur og utforskende pedagogikk*. Fagbokforlaget.
- Dahl, B & Evenstad, R. (2012). Arkitektur og pedagogikk. I A. Krogstad, G. K. Hansen, K. Høyland & T. Moser. (Red.), *Rom for barnehage. Flerfaglige perspektiver på barnehagens fysiske miljø*. (s. 171 – 192). Fagbokforlaget.
- Evenstad, R. & Brennhovd, M. (2020). «Vi må finn på ka vi ska gjør!» Hvilke transformative muligheter og invitasjoner til symbolsk lek finner borna i barnehagens innemiljø? I E. B. H. Sandseter & R. Storli (Red.), *Barnehagens fysiske inne- og utemiljø. Inspirasjon til lek*. (s. 47 – 66). Fagbokforlaget.
- Haarseth, M. (2020). Den nye voksenrollen. I E. B. H. Sandseter & R. Storli (Red.), *Barnehagens fysiske inne- og utemiljø. Inspirasjon til lek*. (s. 153 – 162). Fagbokforlaget.
- Hansson, H. (2016). *En barnehage til begjær. Å gi form til barnehagens innhold*. Fagbokforlaget.
- Høyland, K & Hansen, G. K. (2012). De fysiske omgivelsenes betydning for barnehagens kvalitet. I A. Krogstad, G. K. Hansen, K. Høyland & T. Moser. (Red.), *Rom for barnehage. Flerfaglige perspektiver på barnehagens fysiske miljø*. (s. 23 – 46). Fagbokforlaget.
- Krogstad, A., Hansen G. K., Høyland K. & Moser T. (2012). Rom for barnehage –

- velkommen inn. I A. Krogstad, G. K. Hansen, K. Høyland & T. Moser. (Red.), *Rom for barnehage. Flerfaglige perspektiver på barnehagens fysiske miljø*. (s. 9 – 20). Fagbokforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver. Udir.
<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf>
- Larsen, A. K. (2017). *En enklere metode. Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Løkken, G. & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen* (4. utg.). Universitetsforlaget.
- Moe, A. S. (2020). Alle skal med – om å skape en varig bevissthet blant personalet rundt det fysiske lekemiljøet i og voksenrollen i uterommet. I E. B. H. Sandseter & R. Storli (Red.), *Barnehagens fysiske inne- og utemiljø. Inspirasjon til lek*. (s. 193 – 203). Fagbokforlaget.
- Nilsen, H. K. (2018). Russiske barnehager som kreative steder. I A. Myrstad, T. Sverdrup & M. B. Helgesen. (Red.), *Barn skaper sted, sted skaper barn*. (s. 146 – 168). Fagbokforlaget.
- Nordin-Hultman, E. (2004). *Pedagogiske miljøer og barns subjektskaping*. Pedagogisk forum.
- Seland, M. (2011). *Livet i den fleksible barnehagen*. Universitetsforlaget.
- Statped. (2021, 16.08) ALLE Med - observasjonsmateriell. Henta 19.05.24 frå:
<https://www.statped.no/laringsressurser/sprak-og-tale/allemed---observasjonsmateriell/>
- Thorbergsen, E. (2007). *Barnehagens rom*. Pedagogisk forum.
- Wolf, K. D. (2021). *Små barns lek og samspill – i barnehagen*. (2. utg.). Universitetsforlaget.

Vedlegg 1

Kjære foreldre!

Onsdag 10.04 – fredag 12.04 vil studentane (namn) og (namn) ved Høgskulen på Vestlandet barnehagelærerutdanninga, observere leikemiljøet i barnehagen i samanheng med bacheloroppgåva.

Problemstillinga vår er som følger:

Korleis arbeider barnehagelærarar med å leggje til rette for leikemiljø i barnehagen?

Me vil difor observere leikemiljøet på avdelinga, i form av «rom», utforming og tilgjengeleg leikemateriale.

Borna vil også bli observert i leikemiljøa, men her er det leikemiljøet som er i fokus, og korleis borna tar det i bruk. Det vil difor ikkje bli brukt personopplysingar; verken namn, bilete eller video.



Vedlegg 2

Vil du delta i forskingsprosjektet?

«Korleis arbeider barnehagelærarar for å leggje til rette for leikemiljø i barnehagen?»

Formål

I bacheloroppgåva vår ha me valt den kvalitative metoden i form av observasjon og intervju. Me ynskjer derfor å få til eit gruppeintervju saman med pedagogar på dei ulike avdelingane. Ved å gjennomføre gruppeintervju har me eit ynskje om å få til ein samtale om dykkar kunnskap og erfaring kring leikemiljøet i barnehagen.

Kva inneber det for deg å delta?

Me har saman med personvernombod på Høgskulen på Vestlandet kome fram til at me ikkje har behov for å søkje SIKT. Dette er fordi me i vårt forskingsprosjekt ikkje arbeider med personopplysningar. Det vil seia at det ALDRI vil bli nemnt namn på personar eller barnehage, tatt bilde/video eller lydopptak. Me ser likevel viktigheita i å gi dykk informasjon om korleis intervjuet vert gjennomført. Me ser også nødvendigheita av at de får informasjon om at me ikkje skal behandle personopplysningar. Sjølv om personopplysningar ikkje vert behandla, vil me likevel be om samtykke til å delta då det er frivillig. Du har rett til å trekkje deg når som helst i løpet av intervjuet.

Kvar kan eg finne ut meir?

Dersom du har spørsmål til forskingsprosjektet og/eller er usikker på ditt personvern kan du ta kontakt med:

Høgskulen på Vestlandet ved Trude Kyrkjebø (Trude.Kyrkjebo@hvl.no).

Vårt personvernombod: Trine Anikken Larsen

Me håpar at du vil delta i gruppeintervjuet og at du tek kontakt dersom du har ytterlegare spørsmål om prosjektet.

Med vennleg helsing

(namn på student) & (namn på student)

Vedlegg 3

Intervjuguide

1. Kva betydning har lek i barnehagen?
2. Korleis vil de beskriva eit godt leikemiljø?
3. Korleis arbeider de for å legge til rette for eit godt og inkluderande leikemiljø?
4. Opplever du/de at dei ulike leikesonene blir brukt slik du/de har tenkt i forkant?
5. Kva utstyr/materiale opplever de fenger borna mest/gir god lek?
6. Kor ofte endrar du/de leikemiljøet på avdelinga? Kvifor gjer du/de endringar?
7. Kva rolle har borna i utforminga av leikemiljøet? I kva grad og korleis får dei medverka?